



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Ungdomsrådet	
	Fellesrådet	
	Levekårsutvalet	
	Teknisk utval	
	Formannskapet	
	Administrasjonsutvalet	
	Formannskapet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Økonomiplan 2021-2024

Samandrag:

Økonomiplan 2021 til 2024 omhandlar bruken av kommunale midlar til drift og investering. Arbeidet med økonomiplanen går gjennom politiske utval til formannskapet. Etter endeleg handsaming i formannskapet den 1. desember ligg saka ute til uttale i to veker. Endeleg vedtak vert gjort i kommunestyret den 17. desember.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021 – 2024 og budsjett 2021 vert vedteke slik det går fram av kommunedirektøren sitt framlegg, med følgjande endringar:

-
-

Dette gir slikt oppsett i skjema 1 a/b og 2 a/b
(vert klipt inn ved endeleg vedtak)

2. Ulstein kommunestyre godkjenner eit låneopptak på kr. **, -

Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Ulstein kommune, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansieringar i budsjettåret 2021.

3. Administrasjonen kjem tilbake med ein fordeling av det uspesifiserte innsparingskravet på 3 millionar kroner for budsjettåret 2021 til formannskapet.

Vedlegg:

Budsjett og økonomiplan 2021-2024 - framlegg frå kommunedirektøren
UL 05-20 SAK 42-20 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2021 - UTSKRIFT
Notat om investeringar i økonomiplan 2021 til 2024
Tiltakshefte 2021-2024

Saksopplysningar:

Saka gjeld fastsetting av økonomiplan for perioden 2021 til 2024 og budsjett for 2021 for Ulstein kommune.

Saka vert lagt fram for arbeidsmiljøutvalet, formannskapet, teknisk utval, levekårsutvalet, ungdomsrådet og fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Vidare vert saka teke opp att i formannskapet etter at uttalar frå utvala ligg føre. Til det andre møtet i formannskapet vert også dei hovudtillitsvalde kalla inn for deltaking i saka.

Dette saksframlegget vert nytta i alle utval, og innstillinga frå Kommunedirektøren får difor ei generell utforming om at "Kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2021 – 2024 og budsjett 2021 vert vedteke (...)", men at ein sjølvsgt legg opp til at utvala gjennom prosessen skal kome med forslag til endringar til framlegget.

Verner Larsen
kommunedirektør

Steinar Nummedal
leiar økonomiavdelinga